



Fylkesmannen i Hordaland
pb 7310
5020 BERGEN

Arkivsakid-doknr: 13/374-87
Journalpostid: 16/4203

Saksh: Gunnar Elnan
Telefon: 53 67 35 08

Arkivkode: K1 - 143
Dato: 01.09.2016

Svar til brev vedk. melding om planvedtak - kommunedelplan for Sysendalen

Viser til brev frå Fylkesmannen datert 04.07.2016, Dykkar referanse 2014/6530 421.3.

Fylkesmannen bed om tilbakemelding frå kommunen på dei tilhøva det er peikt på før Fylkesmannen gjer noko meir i saka.

Innleiingsvis vil me hevda å ha teke signal frå Fylkesmannen til fylgje i planprosessen. I eit orienteringsmøte 25.02.13 rådde Fylkesmannen kommunen til å avklara mogleg utvikling av alpinresort i ein overordna plan, og at planen hadde avgrensa tema for at prosessen ikkje skulle bli for omfattande og tidkrevjande.

Fylkesmannen tilrådde og kommunen å vurdere å leggja til rette for fast busetting i moderne hytter i Sysendalen. Kommunen har difor avgrensa plantema til område for alpinresort, område for heilårsbustader og i tillegg å sikra løypestrukturen.

Planforslaget er i samsvar med vedtak i utval for kultur, idrett og regional utvikling, Hordaland Fylkeskommune, 10.05.16.

Fylkesmannen peiker og på prosessen med og handsaming av uttale frå Statens vegvesen (SVV). Kommunen har kontakta SVV med ynskje om møte med intensjon å avklara dette direkte. Me konstaterer at SVV ikkje ynskjer eit slikt møte og viser til fellesmøte 22. eller 23. september.

Me vil i det etterfølgjande kommentera kulepunkta frå Fylkesmannen:

- Fylkesmannen hevder ikkje å vore gitt rimeleg frist for uttale til nytt planframlegg. Etter dialogmøte 15.04 følgde kommunen opp og varsla i brev datert 22.04 først dei endringar kommunen ville få innarbeidd i eit justert planforslag. Utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland Fylkeskommune fatta med grunnlag i brevet i møte 10.05 slikt vedtak;



1. Forslaget om alpindestinasjon «Eidfjord Resort», som er det sentrale føremålet i ny kommunedelplan for Sysendalen, er i konflikt med soner for nasjonalt villreinområde og retningslinjer for reiselivsutbygging i regional plan for Hardangervidda. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser det likevel som viktig å vise fleksibilitet i grensene, då det har svært stor betydning for utviklinga i Sysendalen og Eidfjord.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til brev frå Eidfjord kommune av 22.04.2016 der 400 daa aust for Drølstølsbekken er tatt ut, og føresegnene endra. Vidare viser vi til nytt kart av 03.05.2016 der ytterlegare 190 dekar er teke ut sørvest i planområdet. Til saman utgjer dette 590 dekar. Med dei nye opplysningane vil det totale området som er innanfor grensene for villrein vere avgrensa i ein slik grad at planen kan tilrådest.
3. Aktivitetane knytt til Amundsen view point vert lagt ned til skilandsbyen, og heisen vert avgrensa til stolheis. Føresegnene må tilpassast denne føresetnaden.

Sjølve planforslaget vart vedteke som justert forslag 27.05 og varsla til Fylkesmannen 30.05. Det viste seg at Fylkesmannen sin e-post ikkje klarte å motta den oversendinga, dette fekk ikkje kommunen varsel tilbake om. Fylkesmannen vart difor på nytt varsla 08.06. Me meiner Fylkesmannen og Fylkeskommunen med brevet datert 22.04 vart tilstrekkeleg orientert om kva innhaldet i nytt planforslag ville innebera til at handsaming av nytt planforslag ikkje skulle trenga lang handsamingstid når sjølve planforslaget vart utarbeidd og sendt.

- Fylkesmannen viser til brev datert 28.04 om grunnlaget for motsegna. I brevet vert det peikt på den uheldige rekkjefølgja å vedta fleire store reguleringsplanar i forkant av kommunedelplan. Slik kommentert på side 1 er kommunedelplanen konsentrert om 3 tema slik me fekk tilråding om. Me har då verken hatt oppmoding eller kapasitet til å gjere endringar som grip inn i alt vedtekne planar. Desse er av denne grunn i hovudsak blitt implementert i kommunedelplanen. Me reknar med det er reguleringsplan for Fet og Stakseng Fylkesmannen viser til. Når det gjeld reguleringsplan for Fet er dette ein plan med fortetting i eksisterande planområde og innanfor råmene av overordna plan. Planen opnar for 102 nye tomter i område med 200 eksisterande tomter. Reguleringsplan for Stakseng hadde som hovudføremål å sikra infrastruktur og samordna fleire eldre reguleringsplanar innanfor planområdet. Planen opna for eit lite tal nye tomter til fritidsbustader som fortetting. Fylkesmannen har i fleire møte oppmoda om å utnytta område regulert til fritidsbustad framfor å ta i bruk nye område. Dette var lagt til grunn i arbeidet med desse planane.
 - Vidare vert det peikt på føremålsparagrafen i pbl og klimasenario med behov for meir kunstig snø. I den ideelle verden er nok det rett å vera klar på denne moglege utviklinga, men reknar med dette scenario er viktigast for dei som skal vurderer det økonomiske potensiale i prosjektet. I klimaperspektiv vil auka nedbør gi potensial for auka kraftproduksjon frå vasskraft.
 - Fylkesmannen er kritisk til at tilrettelegging av friluftsliv vert teke til inntekt for å byggja ned særskilte viktige friluftsområde og at alpinområde er i konflikt med fleire turstiar inn mot Vivelid og Hardangervidda nasjonalpark. I prinsippet er det kanskje ikkje den store forskjellen der DNT byggjer nye turisthytter med tilrettelegging, kontra friluftsliv som ikkje er tilrettelagt. Vidare er det feil å hevda at alpinområde er i konflikt med fleire turstiar. Planen er med å sikra eksisterande turstiar og gjer dette betre ved å skilja skiløype og skutertrase opp mot Bjørkehaugen.

- Fylkesmannen meiner effekt av avbøtande tiltak i ROS-analysen ikkje er rett karakterisert. Denne uttalen vart gjort til det opphavlege planforslaget. Eidfjord kommune meiner avbøtande tiltak sett med grunnlag i det justerte planforslaget vil vera å karakterisera som særleg avbøtande for naturmangfaldet og i samsvar med intensjonane i pbl. Når me i vedteken plan har tatt unna område aust for Drøllstølbekken ved å markera at dette er unnateke rettsverknad, har me særleg lagt vekt på føringane som gitt i 2 tidlegare møte der Fylkesmannen har sagt at alt vest om Drøllstølbekken er akseptabelt.
 - Vedteken plan har redusert arealet regulert til idrettsføremål innanfor nasjonalt villreinområde til ca 450 daa. I vedteken plan er areal regulert til idrettsføremål vest for Drøllstølbekken redusert til ca 190 daa. Denne delen av planen er då ikkje lenger i konflikt med grensa for definert villreinområde. Konflikten med INON-område vert og tilsvarande redusert.
- Fylkesmannen viser til at kommunen ikkje har kommentert førebels uttale datert 24.06.16. Den uttalen det er vist til er ein e-post der det vert forklart at det er travelt før ferien og at det er gjort ein førebels vurdering av planframlegget kor Fylkesmannen skriv «planframlegget mest truleg ikkje gjev grunnlag for å kunne trekkje motsegna.» Kommunen såg e-posten som rein undervegs informasjon det ikkje var naudsynt å kommentera. Det er feil dato (08.08) som Fylkesmannen skriv om dato for oversending av planvedtak i planutvalet, rett dato er 08.06.
 - Som me skriv innleiingsvis har kommunen vore i dialog med SVV og har bede om møte. Samstundes meiner me det er grunn til å gjera merksam på at kommunen ikkje har motteke brevet frå SVV datert 21.06. Dette fekk me etter å ha bede om det frå Fylkesmannen. I dei dialogmøte Fylkesmannen har invitert til har Fylkesmannen og Fylkeskommunen delteke, kvifor ikkje SVV har vore invitert må Fylkesmannen sjølv svara for.
 - Fylkesmannen meiner planvedtaket (som skal sendast departementet) ikkje fyller lova sitt krav til opplysning og skildring av verknad. Kommunen konstaterer at det her er sakleg usemja.
 - Fylkesmannen reagerer sterkt på framgangsmåten til kommunen om å ta ut delar av planen for å kunna eigengodkjenna planen, for så å senda til departementet plan til endeleg avgjerd. Eidfjord kommune har etter to synfaringar med fylkesmannen, ei synfaring med fylkeskommunen, tre dialogmøte og etter å ha redusert planområdet med i alt 590 dekar aust og vestom Drøllstølsbekken, vurdert det slik at det var uråd å koma til semje om attverande areal aust for Drøllstølsbekken. For alle praktiske føremål betyr det at eit av hovedmåla med kommunedelplanen – etablering av ein alpin resort – ikkje lar seg realisere. Me såg då ingen annan utveg enn å sende planen til departementet. Om dette ikkje er i samsvar med formell saksgang seier me oss leie for det.
 - Fylkesmannen skriv at Fylkeskommunen har uttalt seg på grunnlag at området aust for Drøllstølbekken er teke ut. Dette meiner me er feil, Fylkeskommunen uttalte seg til planforslag med redusert området aust for Drøllstølbekken, vedtaket er sitert øvst på side 2. Viser og til brev frå Eidfjord kommune datert 22.04. Det reviderte plankartet som har teke inn vilkår i frå vedtaket til Utval for kultur, idrett og regional utvikling, var lagt til grunn for kommunestyret si handsaming 27.06.16.

Kommentar til SVV sitt brev datert 21.06.16:

Framtidig trafikkvekst

SVV baserer mykje av sine innspel på at planen ikkje har grunnlagsdata for framtidig trafikkvekst. I vedlegget til kommunedelplanen, Temautgreiing av trafikkvurdering for utvikling av alpindestinasjon, står det i pkt. 3.3.2;

Auke i ÅDT på Rv7

«Trafikkauke på riksvegen som følgje av utbygging av alpindestinasjonen, vil vere ein andel av den ÅDT på 875 som er estimert ovanfor. Mykje av trafikken til/frå Vøringsfossen føregår allereie på vegen, då mange av desse turistane skal vidare austover eller kjem austfrå. Ein vil anta at det vil gjelde dei fleste av desse (ca. 90%). Dei fleste cruiseturistane vil derimot representere ny trafikk, då dei skal tilbake til Eidfjord. Nokre av vinterturistane vil vere frå eksisterande hotell-/overnattingsverksemder og hytteområder i Sysendalen og allereie vere «innkalkulert» i eksisterande trafikk på vegen, men og representere nye køyremønster som følgje av nye aktivitetstilbod. Ein vil anta at andelen trafikk frå denne gruppa er tilstades, men relativt liten (ca. 10%).

Basert på dette har vi estimert auke i ÅDT på Rv7 som følgje av alpindestinasjonen til å vere rundt 700. Estimert ÅDT vil såleis auke frå 1055 i opningsår 2019 til 1755 ved full utbygging/utnytting (meir enn 15 år fram i tid).

For området i eksisterande reguleringsplan på Fet, vil all viderare utbygging representere auke i trafikk på Rv7. Differansen mellom estimert ÅDT i 2019 og estimert ÅDT ved full utbygging er 130. Samla framtidig ÅDT på Rv 7 ved full utbygging på Fet og Alpindestinasjonen, meir enn 15 år fram i tid, er estimert til ÅDT=1885.»

Statens vegvesen si eiga berekning i brev datert 21.06.16;

«Trafikkgrunlaget for Rv. 7 er ÅDT på 1100 med ein tungbilandel på 18%. Dette er tal frå 2015. Framskrivning av trafikktal er 20 år fram i tid etter åpningsår. Det vil for Sysendalen sei framskrivning til tidlegast år 2040. Framskrivne trafikktal, berekna ut frå dagens ÅDT, vert følgjande: ÅDT = 1573, derav 304 tunge køyretøy. Trafikkauken utviklinga i Sysendalen vil føra til er ikkje med i berekninga.»

På tidspunktet da Eidfjord kommune fekk utarbeidd analysen var det ÅDT-tal for 2014 som var tilgjengelege og lagt til grunn for framskrivninga. Utbygging av alpindestinasjon Eidfjord Resort med aktivitet vinter- og sommarsesong vil på sikt kunne tilføre trafikk til avkøyrsla ved riksvegen estimert til ÅDT=700.

Eidfjord kommune vil hevda at ÅDT = 2273 (1573+700, SVV for 2040) og ÅDT=2135 (1435+700, Trafikkvurderinga for 2039) er å rekna som samanliknbare.

Vegstandard og tilrettelegging for mjuke trafikkantar

I føresegnene er teke inn regel om at SVV sine vegnormalar skal leggjast til grunn for dimensjonering og val av løysingar i plan og ved tiltak, jf føresegnene pkt. 2.5.5.

Tilhøvet til mjuke trafikkantar er ivareteke ved følgjande i planføresegnene:

- *I pkt. 2.5.2 er det gitt ei generell føresegn om at det skal veljast løysingar som legg til rette for sikker gangtilkomst for mjuke trafikkantar.*
- *Under rekkefølgjekrav er det i pkt. 2.6.3 sagt at detaljreguleringsplan for alpindestinasjon på Fet, skal og løyse tilkomst til område. Den skal derfor og innehalde tilkomstveg, inkludert avkøyring frå Rv7 og bru over Bjoreia. Det er og stilt krav om at planen må sette rekkefølgjekrav i høve ferdigstilling av vegen.*

Denne føresegna saman med den generelle føresegna i pkt. 2.5.2 gir etter vår meining tilstrekkeleg heimel for å sikre krav om opparbeiding av gang- sykkelveg eller fortausløyising på Fet ved utarbeiding av detaljplan.

Kommunen stiller seg noko undrande til motsegna frå SVV dersom SVV meiner at kommunedelplanen også skal gi bindande føringar med krav om G/S-veg eller fortau langs Rv7 for resten av planområdet. I det høvet vil kommunen særleg peika på:

Det er framom gjort greie for at me etter råd frå fylkesmannen har avgrensa planen til 3 hovudtema. Ein konsekvens av dette er at for resten av planområdet er arealdelen implementert i kommunedelplanen. Det gjeld heilt ut med omsyn til tilhøva til og langs Rv7 med unntak for område på Fet.

I tillegg vil me peika på at kommunen gjennom dei siste åra har opparbeidd ei samanhengande skiløype og frå krysset ved avkøyringa til Liset i vest til Tverrlia aust for Maurset. Dette løypenettet er i samsvar med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Skiløypa/turstien er opparbeidd i 3 meters breidde med grusdekke. Det er denne som i praksis vert nytta av mjuke trafikantar, på ski vintersdagen, og av turgåarar, familiar med barnevogn og syklistar i sommarhalvåret. Denne traseen fangar opp ferdsle frå hytteområda. Temakart som viser traseen følgjer vedlagt. (Vedlegg nr. 1, vert ettersendt)

SVV sin handbok er lagt til grunn for vegstandard.

Det er i føresegnene lagt til grunn at kommunestyret kan inngå utbyggingsavtalar, jf. 2.2 og 2.18. Kommunestyret har lagt til grunn at det ikkje er rett i ein overordna plan å krevja utbyggingsavtalar for konkrete tema da dette vil vera å detaljstyra. Dette høyrer heime i vurdering av detaljreguleringsplan.

Det ligg og inne rekkefølgjekrav i eksisterande reguleringsplanar om planfri kryssing ved Garen og plan for gang- og sykkelveg aust for Garen i samband med omlegging av Rv7.

Byggjegrense langs Rv7


Kommunedelplanen legg til grunn 50m byggjegrense til Rv7 der kommuneplanen er plangrunnlag og vidareføring av reglane i gjeldande reguleringsplanar.

Eidfjord kommune har hatt ein gjennomgang av planen i forhold til nasjonal produktspesifikasjon og meiner planen tilfredsstillar krava der no.

Med grunnlag i brev frå Fylkesmannen og SVV ser Eidfjord kommune ikkje grunnlag for vidare dialogmøte, men ynskjer møta hjå Fylkesmannen til mekling 22. september. Dersom meklinga gjev grunnlag for det, er kommunen open for å fremja planen på nytt for kommunestyret.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune


Anved Johan Tveit
ordfører


Gunnar Elnan
sakschandsamar

Kopi til
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Hordaland fylkeskommune
Statens vegvesen
arkiv og kopibok